

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 15.01.2016

Vår ref.: 201503867-6

Arkiv: 312 / 019.CZ

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Anne Johanne Rognstad

## **Harstveitbekken kraft A/S – Søknad om løyve til å auke slukeevne og endre minstevassføring i eksisterande kraftverk, overføre Skrebekken til Harstveitbekken, samt regulere inntaksbassenget i Åmli kommune i Aust-Agder fylke – høyring**

NVE har motteke ein søknad frå Harstveitbekken kraft A/S datert 26.11.15, om løyve til

- å auke slukeevna frå 0,75 m<sup>3</sup>/s til 1 m<sup>3</sup>/s
- å endre på slipp av minstevassføringa
- å overføre Skrebekken til Harstveitbekken
- å regulere inntaksbassenget mellom 452,3 moh. og 454,3 moh.

i Åmli kommune i Aust-Agder fylke.

Harstveitbekken kraftverk blei byggja konsesjonsfritt i 2009 og nyttar i dag eit fall på 240 m frå inntaket på 453,3 moh. til kraftstasjonen på 213 moh. Kraftverket har i dag ein slukeevne på 0,75 m<sup>3</sup>/s med ei installert effekt på 1,5 MW og ei årsproduksjon på 5,57 GWh. Minstevassføringa er satt til 45 l/s heile året.

Det søkjast om å auke slukeevna i kraftverket frå 0,75 m<sup>3</sup>/s til 1 m<sup>3</sup>/s og gjere om på minstevassføringa frå 45 l/s heile året til 60 l/s på sommarhalvåret (1/5-30/9) og 15 l/s på vinterhalvåret (1/10-30/4). Installert effekt aukast til 2 MW og venta auke i produksjon er 0,2 GWh årleg. Dette tiltaket vil ikkje krevje ytterlegare tekniske inngrep, men vil endre noko på vassføringa i Harstveitbekken.

Vidare søkjast det om å overføre Skrebekken til Harstveitbekken. Middelvassføringa i Skrebekken er berekne til 49 l/s og overføringa er planlagd med ein kapasitet på 350 l/s. Lengda på overføringsrøyret vil bli 850 m og er planlagd nedgraven. 600 m av strekninga er langs ein eksisterande skogsbilveg, og det må byggjast ytterlegare 250 m ny permanent veg inn til inntaket for overføringa. Det er naudsynt med betring av skogsbilvegen. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ein 1180 m lang elvestrekke i Skrebekken, og det er ikkje planlagd slepp av minstevassføring nedanfor inntaket til overføringa. Overføringa er venta å gje ei auke i produksjon på 0,8 GWh årleg.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Det søkjast òg om å regulere inntaksbassenget mellom 452,3 moh. og 454,3 moh. Inntaket er i dag på 453,3 moh. Etter planen skal dammen hevast 1 m i høve til eksisterande dam, slik at vasstanden kan regulerast opp tilsvarande. Det søkjast òg om å senke vasstanden 1 m i høve til vasstanden i dag.

Heile prosjektet samla vil gje ein auke i produksjonen på 1 GWh årleg.

Harstveitbekken kraftverk blei byggja i 2009 og anleggskonsesjon og nettilknytning vil difor bli som før.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Åmli kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicekontoret i Åmli kommune fram til **18.03.2016**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **18.03.2016**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Anne Johanne Rognstad  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Mottakerliste:

Agder Energi Nett AS v/Trond Arild Reiersølmoen  
Aust-Agder fylkeskommune  
Aust-Agder turistforening  
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
DNT- sør  
Forum for natur og friluftsliv Agder  
Friluftsrådet Sør  
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder  
Nasvatn kraftverk v/Øyvind Gundersen  
Naturvernforbundet i Aust-Agder



NJFF - Aust-Agder  
Norges Miljøvernforbund  
Statens vegvesen - Region sør  
Straume kraftverk v/Olav Jensen  
Åmli kommune